



Møteprotokoll for Kraftfondsstyret

Møtedato: 02.09.2021
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 14:10 - 15:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Erlend Kvamsdal	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Hildegunn Bjånes	AP	Erlend Kvamsdal

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som og førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
012/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
013/2021	Godkjenning av møtebok
014/2021	Dyrkolbotn Eiendom - søknad om tilskot gjennom kraftfondet
015/2021	Stordalen oppleving as - søknad om tilskot gjennom kraftfondet
016/2021	Tildeling av midlar kommunalt kompensasjonsfond covid 19
017/2021	Rullering av ordninga med etableringstilskot
018/2021	Delegerte saker
019/2021	Referatsak

012/2021: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

02.09.2021 KRAFTFONDSSTYRET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - 012/2021 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

013/2021: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

02.09.2021 KRAFTFONDSSTYRET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - 013/2021 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

014/2021: Dyrkolbotn Eiendom - søknad om tilskot gjennom kraftfondet

Rådmannen sitt framlegg:

Dyrkolbotn eigedom får ikkje tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt, jf vedtektene og praksis innan område.

02.09.2021 KRAFTFONDSSTYRET

Søker Bjarte Dyrkolbotn presenterte søknaden.

Saka vart drøfta.

Formannskapet jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

1. Dyrkolbotn eigedom får tilbod om lån gjennom kraftfondet med stort kr 100.000 til omsøkt investeringsforemål.
2. Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid.
3. Lån med pant i eigedom
4. Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 09.09.2022

Grunngjeving:

Prosjektet høver godt i det totale reiselivstilbodet i området med samarbeid mellom Bjørn West-museum, Einekavane og andre aktørar i Stordalenområdet.

Viser til næringsplanen for Masfjorden kommune pkt 3.4 Framtidsutsikter: Kople kultur og næring for å styrke kvalitetane vi har som bukommune og kombinere det med satsinga på reiseliv.

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

KRFT - 014/2021 VEDTAK:

1. **Dyrkolbotn eigedom får tilbod om lån gjennom kraftfondet med stort kr 100.000 til omsøkt investeringsforemål.**
2. **Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid.**
3. **Lån med pant i eigedom**
4. **Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 09.09.2022**

Grunngjeving:

Prosjektet høver godt i det totale reiselivstilbodet i området med samarbeid mellom Bjørn West-museum, Einekavane og andre aktørar i Stordalenområdet.

Viser til næringsplanen for Masfjorden kommune pkt 3.4 Framtidsutsikter: Kople kultur og næring for å styrke kvalitetane vi har som bukommune og kombinere det med satsinga på reiseliv.

015/2021: Stordalen oppleving as - søknad om tilskot gjennom kraftfondet

Rådmannen sitt framlegg:

Stordalen oppleving as får eit tilskot med kr. 50.000,- til omsøkte prosjekt

02.09.2021 KRAFTFONDSSTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

KRFT - 015/2021 VEDTAK:

Stordalen oppleving as får eit tilskot med kr. 50.000,- til omsøkte prosjekt

016/2021: Tildeling av midlar kommunalt kompensasjonsfond covid 19

Rådmannen sitt framlegg:

Søknadene vert lagt fram for drøfting/innstilling i kraftfondsstyret . Resterande/unytt midlar vert kunngjort/utlyst på nytt, med søknadsfrist 1.10.2021.

02.09.2021 KRAFTFONDSSTYRET

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

- Fjortun Kafe frå innvilga sin søknad.
- Ardo as får innvilga sin søknad på støtte når siste vedlegg er sendt inn.
- Solheim Grendahus får ikkje innvilga sin søknad då dei fell utafør retningslinene.

Resterande / unytta midlar vert kunngjort / utlyst på nytt, med søknadsfrist 15.10.21

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes vedteke.

KRFT - 016/2021 VEDTAK:

- **Fjortun Kafe frå innvilga sin søknad.**
- **Ardo as får innvilga sin søknad på støtte når siste vedlegg er sendt inn.**
- **Solheim Grendahus får ikkje innvilga sin søknad då dei fell utafør retningslinene.**

Resterande / unytta midlar vert kunngjort / utlyst på nytt, med søknadsfrist 15.10.21

017/2021: Rullering av ordninga med etableringstilskot

Rådmannen sitt framlegg:

Ordning med etableringstilskot vert justert og får følgjande regelverk frå 1.1.2021:

- Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med bygging, kjøp og/eller restaurering av eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 56.000,- for dei under 35 år, og kr. 42.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Etableringstilskotet kan ikkje utgjere meir enn 10% av kostnaden
- Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen "ungdom i etableringsfasen", må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
- Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
- Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset/registrert som innbyggjar i kommunen.
- Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått.
- Rådmannen får fullmakt til å ta stilling til innkomne søknader.
- Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg

02.09.2021 KRAFTFONDSSTYRET

Saka vart drøfta.

Formannskapet jobba fram følgjande endringsforslag i kulepkt 1:

Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med bygging, kjøp og/eller restaurering av eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 60.000,- for dei under 35 år, og kr. 40.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Etableringstilskotet kan ikkje utgjere meir enn 10% av kostnaden

Framlegg til vedtak med endringane i kulepkt 1 jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

KRFT - 017/2021 VEDTAK:

Ordning med etableringstilskot vert justert og får følgjande regelverk frå 1.1.2021:

- **Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med bygging, kjøp og/eller restaurering av eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 60.000,- for dei under 35 år, og kr. 40.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Etableringstilskotet kan ikkje utgjere meir enn 10% av kostnaden**
- **Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen "ungdom i etableringsfasen", må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.**
- **Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at**

midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.

- **Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset/registrert som innbyggjar i kommunen.**
 - **Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått.**
 - **Rådmannen får fullmakt til å ta stilling til innkomne søknader.**
 - **Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg**
-

018/2021: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

02.09.2021 KRAFTFONDSSTYRET

Delegerte saker:

Delegert sak 1: Søknad om etableringstilskoto
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - 018/2021 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

019/2021: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

02.09.2021 KRAFTFONDSSTYRET

Representant frå Dyrkolbotn Eiendom, Bjarte Dyrkolbotn presenterte sin søknad før møtet starta.
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - 019/2021 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

Rett utskrift frå møteboka frå Kraftfondet 02.09.21 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Torill Torsvik Størkensen
varaordførar